



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 28.10.2015

Sak nr.: 15/8257-6

Internt l.nr.: 47416/15

Sak: 37/15

Tittel: Søknad om nye ruteløyver - Nettbuss

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for Samferdsle (HS) til å gjere slikt vedtak:

1. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve for persontransport på strekninga Måløy – Oslo.
2. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve på strekninga Hareid – Oslo.
3. Eksisterande ruteløyve på dei same strekningane fell bort frå 01.01.2016 (14 06 2016, 14 06 2026 og 15 06 8504)
4. a) Løyva gjeld i 10 år frå 01.01.2016 til 01.01.2026.
b) Krav om god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldane regelverk.
c) Forslag til ruteplan i søknad av 20.08.2015 vert lagt til grunn. Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
d) Materiellet på ruta skal tilpassast personar med nedsett funksjonsevne eller det skal gjevast eit serviceopplegg som tek omsyn til denne gruppa sine behov, jf. rundskriv N-2/2006.
f) Det skal ikkje utførast lokal persontransport i Møre og Romsdal.
g) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.
h) Løyvehavar skal kun bruke hovudvegnettet i Oslo og ikkje sentrumsgatene.
i) Løyvehavar må inngå avtale med Akershus Kollektiv Terminaler om bruk av bussterminalen.
5. Ordninga med tapskompensasjon på Nordfjordekspressen som vart gjeve i samband med HS-sak 11/14 fell bort.

Fylkesdirektøren orienterte om melding frå Arnfinn Øen i Samferdsledepartementet om at denne søknaden skulle handsamast av Oslo kommune. Hovudutvalet bør difor gi ei fråsegn i saka og sende til Oslo kommune.

Endringsframlegg:

MDG viser til informasjonen frå samferdsleavdelinga på møtet i dag der den fylkeskommunale klima- og miljøplanen blei presentert som eit av rammeverktøya for planlegging og vedtak i samferdslesaker.

Den fylkeskommunale klimaplanen (jf <http://www.sfj.no/fylkesdelplan-klima-og-miljoe.337885.nn.html>) pålegg i utgangspunktet alle sektorar i fylkeskommunen å legge til grunn klimaomsyn. Om dette står det i handlingsplanen: "I samband med ferje- og bussanbod skal det gjennom politisk handsaming vurderast om det skal hentast inn tilbod på miljøvenleg teknologi/alternativ drivstoff." (henta fra handlingsplanen som ligg [her](#)).

MDG oppmodar om at sak 37/2015 blir handsama ut frå handlingsplanens føresetnader og at HS legg dette inn i uttalen i saka i form av eit krav om dette. Dersom dette ikkje let seg gjere, foreslår MDG å utsette saka.

Fylkesdirektøren la fram slikt framlegg til fråsegn

1. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve for persontransport på strekninga Måløy – Oslo.
2. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve på strekninga Hareid – Oslo.
3. Eksisterande ruteløyve på dei same strekningane fell bort frå 01.01.2016 (14 06 2016, 14 06 2026 og 15 06 8504)

Avrøysting:

Framlegget fram MDG fekk ei røyst, Stein Malkenes, og fall.

Framlegget frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:**Fråsegn:**

1. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve for persontransport på strekninga Måløy – Oslo.
2. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve på strekninga Hareid – Oslo.
3. Eksisterande ruteløyve på dei same strekningane fell bort frå 01.01.2016 (14 06 2016, 14 06 2026 og 15 06 8504)